

REFERAT FRÅ KONTAKTUTVALSMØTE 4. JUNI 2018

Nye  
Ålesund  
kommune

## Til stades i møtet:

- Haram kommune: Haldor Lillebø og Randi Alvestad
- Sandøy kommune: Laila Alvestad, Linn Jenny Morsund og Stein Inge Skogen
- Skodje kommune: Ramona Pilskog og Tove Kristensen
- Ørskog kommune: Maren Kongsnes og Geir Skodje
- Ålesund kommune: Hanne Tonning, Frode Nordstrand, Kristin Nonsvik, Jann Ove Ertresvåg og Martha Trones

# Sak 1: Ny organisering av prosjektarbeidet

Ny organisering av prosjektarbeidet – jamfør endringar i styringsdokumentet – her vil eg gjerne ha innspel på tillitsvalgtordninga slik ho er i dag og korleis de ser føre dokke at dette best kan organiserast/frikjøpast framover

- Prosjektlear innleia med følgjande:
  - Vi går no over i gjennomføringsfase 2 i prosjektarbeidet
  - Prosjektarbeidet blir som følgje av dette organisert etter same mal som den overordna adm. strukturen.
  - Dette betyr at det blir oppretta ei overordna styringsgruppe for kvart kommunalområde og kvart stabsområde. I styringsgruppa sit ein representant frå kvar kommune utpeika av rådmennene i dei 5 kommunane. Tillitsvalgt, og mest sannsynleg også vernetenesta, vil vere representert i alle styringsgruppene. Styringsgruppene avgjer om det skal setjast ned ulike faggrupper/arbeidsgrupper under styringsgruppa. Desse får ansvar for å sjå på konkrete bestillingar frå styringsgruppa. Kven som delteik i desse faggruppene/arbeidsgruppene vil vere avgjerande for kva mandat gruppa får tildelt.
  - Ut frå denne modellen må vi sjå på behovet for framtidig frikjøp av tillitsvalde. Sidan prosjektlear enno ikkje har oppretta desse styringsgruppene og dei heller ikkje har fått mandata sine, er det i revidert styringsdokument tilrådd at noverande frikjøpsordningar blir prolongert fram til 1. oktober. Slik prolongering kan skje etter at det er halde drøftingsmøte med dei tillitsvalde.

# Konklusjon i sak 1:

- Alle tillitsvalde slutta seg til at noverande avtale blir prolongert fram til 1. oktober. Som PSU vedtok i møtet den 30. mai, blir tillitsvalde involvert i samband med utarbeiding av nytt dokument knytt til frikjøp av tillitsvalde.
- Det blir kalla inn til drøftingsmøte den 11. juni kl. 12.00.

## Sak 2: Innplassering av toppleiarstillingar

- **Proessen framover**
- **Kartleggingssamtalar – kven bør inkluderast av leiarane i kommunane til toppleiarstillingane (6 kommunalsjefar og 4 stabssjefar)**

Prosjektleiar orienterte om status og vidare prosess i arbeidet:

1. Innkjøpssjefen i Ålesund bistår i arbeidet med å innhente ekstern hjelp i samband med innplassering/tilsetting i dei 6 kommunalsjef- og 4 stabssjefstillingane.
2. Prosjektleiar har allereie kalla inn følgjande til kartleggingssamtale (desse vil uansett vere omfatta av dei som skal ha kartleggingssamtale opp mot desse stillingane).
  - rådmennene
  - 3 kommunalsjefar i tillegg til økonomisjef og personal- og organisasjonssjef i Ålesund kommune.
  - Spørsmålet er vidare: Kor mange i tillegg til ovannemnde skal ha/har rett på kartleggingssamtale opp mot desse toppleiarstillingane?
3. Prosjektleiar er i gong med å definere kompetansekrava til dei ulike stillingane. Desse vil sjølvsagt vere viktige når innplassering/tilsetting skal skje.
4. Gruppa/prinsipp for utvelging av kven som skal ha kartleggingssamtale skal drøftast med tillitsvalde.
5. I tilsettingsprosessane framover vil tillitsvalde bli involvert

## Konklusjon i sak 2:

Det blir nytt kontaktutvalsmøte før drøftingsmøte knytt til denne saka. Fram til nytt møte som blir den 11. juni kl. 12.15, tenkjer ein gjennom følgjande forslag i samband med korleis utvelging til kartleggingssamtale skal gå føre seg:

- Forslaget som vart fremma i møtet i dag frå tillitsvalde i Haram, er følgjande:
- Ut over dei som prosjektleiar allereie har kalla inn, lyser prosjektleiar ut internt i dei 5 kommunane spørsmål om kven som ønskjer kartleggingssamtale etter at det er laga kompetansekrav til dei ulike stillingane. På denne måten kan dei som er interessert melde seg. Ein kan dermed unngå å få kritikk for at ein ikkje fekk tilbod om slik samtale.

# Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet

